

Vestlandets fellesstand på Aqua Nor 2007

Dei fire vestlandsfylka skal delta med ein fellesstand under Aqua Nor som går av stabelen i Trondheim 14.-17. august.

Eit av hovudemna på Vestlandets fellesstand vil vere oppdrett av nye marine artar og vi kan by på eit interessant fagprogram med varierende tema. Den offisielle opninga er tysdag 14.august kl. 13.00 med sentrale politikarar frå vestlandsfylka. Onsdag inviterer vi politikarane til å servere fiskesuppe saman med kokkane våre. Både onsdag og torsdag vil vi ha "speakers" corner med aktuelle tema som: "Nye vekstvilkår med innovativ og sunn sjømat", "Enorme verdiar i marine biprodukt" og "Kvalitet og sporing". I 2005 var sjømatbaren eit populært samlingspunkt, og vi gjentar suksessen også i år.

Aqua Nor er ei internasjonal havbruksmesse i Trondheim som har blitt arrangert kvart andre år sidan 1979. Her presenterast nyheiter, produkt, tenester, forskning og utvikling som er av interesse for næringa. Årets messe går av stabelen 14.-17. august. Vi ynskjer alle deltakarar hjarteleg velkomen til vår stand D-342 i Trondheim spektrum.

Meir informasjon i vårt nyheitsbrev:

<http://www.sjomat.no/nyhetsbrev-aqua-nor/aqua-nor-2007-nyhetsbrev-nr-1.html>